# Vekeplan for 1.trinn — 12

| **Læringsmål** | |
|---|---|
| **Sosialt** | Eg veit at handlingane mine påverkar andre. |
| **Norsk** | Eg kan lese med samanheng og forståing.<br>Eg kan skrive tekstar med hand og tastatur. |
| **Matematikk** | Eg kan telje opp mengder til 20.<br>Eg kan kjenne att og skrive tala opp til 20. |
| **Zippys venner** | Å takle konfliktar: Erting og mobbing. |

***Lekser denne veka:***

| **Til tysdag** | **Til onsdag** | **Til torsdag** | **Til fredag** |
|---|---|---|---|
| Leksefri pga heimegruppe.<br> | <u>**Norsk:**</u><br>Les boka du lånte på Biblioteket.<br><br>Uteskule til Toreskogen.<br>**Hugs gode klede!**<br> | <u>**Norsk:**</u><br>Les boka som ligg i postmappa, 2 gonger, saman med ein vaksen.<br><br>Boka MÅ vere med tilbake til skulen torsdag. | <u>**Norsk:**</u><br>Skriv kvart ord tre gonger i skriveboka di.<br>Lever bibliotekboka og postmappa med skriveboka.<br><br>GOD HELG☺ |
| **Måndag 13.25**<br>**Tysdag 12.15** | **Onsdag 13.40** | **Torsdag 13.40** | **Fredag 12.15** |

# Informasjon og lekseplan 12

Hei!

Måndag denne veka er det heimegruppe for nokre elevar. Nokre av gruppene er ferdige for i år (sjå plan for eigen klasse).

Me held fram med skrivelekse til fredag. Elevane skriv i skriveboka med hjelpelinjer, for å få bokstavane i rett storleik. Framme i boka har me limt inn eit ark der de kan sjå korleis bokstavane skal skrivast. **Hugs at elevane skal lese orda først.** Ein vaksen bør sitja saman med eleven når leksa skal gjerast, for å sjå til at bokstavane blir skrivne på rett måte.

Minner om at garderoben treng rydding på fredagane.

Det vert utviklingssamtalar i veke 13 og 14. Sjå eige skriv som er sendt heim.

Ny elev i 1A:
Elijus Grigas, Grudevarden 70, tlf 45779345. Velkommen til Kleppe skule!

Foreldremøte:
Tysdag 8.april kl 19-21 blir det foreldremøte for 1.-3.-trinn.
Dette er eit samarbeid mellom FAU og skulen. Tema for møtet er ***inkludering*** og føredraget er ved mobbeombod Marit Nygård Roth.
Etter fellesdelen avsluttar me klassevis.



Minner om at de må ta ut gamle vekeplanar og skriv frå plastmappa før den blir levert inn.

Har de spørsmål eller beskjedar, send melding på Visma.
Er barnet sjukt må me få beskjed på Visma før klokka 08.00 same dag.

Ha ei fin veke ☺
Helsing oss vaksne på 1.trinn.